

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 6

Arna August 1971

4. årgang

Riksdag

Josva samla alle Israelsættene i Sikem og tala til deim soleis: «På hi sida elvi (Eufrat) budde i gamle dagar fedrene dykkar, og eg henta Abraham, far dykkar, og gav dykk Kananslandet. Eg auka ætti hans og gav han Isak. Eg gav dykk eit land som de ikkje hev havt noko strev med, og byar som de ikkje hev bygt, og der sette de dykk ned. De et av vinhagar som de ikkje sjølve hev stelt til, og av oljetre som de ikkje hev planta. So ber då age for Herren og ten han erleg og trufast. Skil dykk av med dei gudane som fedrene dykkar dyrka på hi sida elvi og i Egyptarland, og ten Herren. Men hev de ikkje hug til å tena Herren, so vel i dag kven de vil tera, anten dei gudane som fedrene dykkar på hi sida elvi tente, eller gudane åt amoritane, som åtte det landet de bur i. Men eg og mitt hus vil tena Herren.

Den dagen gjorde Josva ei pakt med folket i Sikem og sette dei lov og rett. Og skreiv desse ordi opp i Guds lovbok. So tok han ein stor stein og reiste opp under den eikja som stend frammed heilagdomen åt Herren, og tala soleis til heile folket: Denne steinen skal vera vitne imot oss, for han

hev høyrt kvart ord som Herren hev tala med oss, og han skal vera vitne mot dykk, so de ikkje gløymer Herren dykkar Gud.

So bad Josva farvel med folket, og dei for heim att, kvar tii sin eigedom. Ei tid etter dette hadde hendt, døydde Josva Nunsson, Herrens tenar, hundrad og ti år gammal. Han vart graviagd på sin eigen gard og grunn, i Timnat-Serah, som ligg i Efraimsfjelli, nordanfor Ga'asfjellet.

Du skal elske din neste som dig selv

(Frå St. Markus kyrkjelyd si summarvitjing i Arna kyrkja).

1. Dette er det andre ledd i det store budet. Og det første det sie, oss — det er at vi skal tenke stort om menneske. Selvforakten er ikke kristelig. I takknemlighet til din Skaper, skal du få lov å tenke stort om deg selv — du er jo skapningens krone — det ypperste han har gjort. Men da skal du også se stort på dette medmenneske, den som bibelen kaller din neste. Fordi han er et menneske skapt i Guds bilde skal du sette din neste høyt — ja, elske ham, som om han var deg selv.

2. Men denne din neste — han er en synder som så ofte skuffer deg og gjør deg ondt — hvorledes kan jeg makte å elske ham. Slik kan spørsmålet stilles så ofte. Spør du slik, da skal du huske at du selv er en synder som mest av alt trenger tilgivelse hos Gud. Og å elske din neste som deg selv — det er da ensbetydende å møte den som synder mot deg med tilgivelse. Derfor var det Herren Jesus Kristus lærte deg å be!

Forlat oss vår skyld,
som vi og forlater våre skyldnere.

3. Din neste og du — dere er barn av den samme Fader. Jesus lærte oss å be slik: «Fader vår! Det vil si — vi er alle nådesøksen. I din neste skal du derfor se en bror — en søster. Nestekjærligheten er derfor dypest sett — søskenkjærlighet. Dette skal være grunnen til at du elsker din neste som deg selv.

Knut Hernes.

Hilsen til elevane ved avslutning av skoleåret

Det er en stor dag for oss alle i dag. Fordere, elever, som er ferdige med den obligatoriske skolen, men også for oss, skolens folk, fordi vi har fullført skolemyndighetenes oppgave i første omgang: å fullføre den 9-årige skolen i Arna.

Både elever og skolens folk kan spørre seg om resultatet av strevet har svart til forventningene. Har dere fått det utbytte dere med rimelighet kunne vente? Har vi gjennom vårt arbeide gitt dere noe dere kunne ta med på livsveien og bygge videre på? Ventelig vis det ikke bare entydige svar på dette. For elevenes vedkommende vil det nok vurderes ulikt. Noen får vitnemål som bare bringer fryd og gammen, for andre vil resultatene føre til mindre hyggelige refleksjone, og vitnemålet legges i kommodeskuffen sammen med annet som overlates til glemseilen. Enten resultatet er godt eller dårlig, skal en likevel huske på at dere er svært unge enda, og voksten skal fortsette også i årene som ligger foran. Skolen måler bare en liten del av elevenes evne og anlegg, og mangen en skoletrett elev har senere i livet gjort virkelig storinnsats for samfunnet, og gjerne ved anlegg og evner som skoletiden aldri gav utlösning for.

Det er godt å merke gleden i elevflokkene. Obligatorisk skole betyr at du er nødt til å gå der, følge reglement og retningslinjer, bli skrubbet og klødd om du forlater den jevne sti. Det ligger i oss alle en medfødt trang til å handle i frihet, og det vi må, vil vi gjerne opponere mot, selv om vi godt kan være enig i at det er nødvendig. Og så vet vi at mange kommer i motsetningsforhold til skolen. «Skolen er et slaveri» er et vanlig refreng hos disse. Ved nærmere ettertanke merker en hvor feil en da resonerer. Den som er slave har ingen mulighet for utvikling. Slaven blir aldri noe annet, og etter endt livsløp er hans status like bedrøvelig, eller helst verre enn ved starten. Eleven vokser hele tiden, og målet med oppdragelse og opplæring er at han ikke bare skal bli sin lærers jevnbyrdige. Det virkelig gode resultat gir oss elever som blir våre overmenn, og dette siktet vil den gode lærer alltid ha for øyet.

Noen av dere forlater skolen for å gå over i arbeidslivet. Andre finner plass ved yrkesskoler, folkehøgskoler, gymnas eller ved 10. klasse, som det fra høsten av blir opprettet her ved skolen. Noen av dere har til høsten ikke funnenoen løsning på hvordan de vil ordne seg videre. Til disse vil en si:

kom innom skolen til høsten. Kanskje har skolen fremdeles plass til deg i 10. skoleår. I allefall vil vi fremdeles hjelpe til med råd så du kan finne fram til en løsning som hjelper der til større avklaring.

Så vil jeg gjerne takke dere alle for den tid dere har vært betrodd vår omsorg. Takk til hele elevflokkene fordi dere har vært en gild flokk å ha her. Takk til alle i skolesamfunnet som har gjort sitt for at resultatet er blitt så bra, til lærere, vaktmester og assistenter, til dem som har gjort rent for oss, og ikke minst til skolemyndighetene som har lagt forholdene godt til rette for oss. En vil be om at elevene bringer denne hilsen med hjem, fordi ikke minst foreldrene her fortjener stor takk fordi deres arbeid i det stille har vært en avgjørende faktning for et vellykket arbeid på skolen. Og så god sommer til alle sammen.

Holmedal.

Kjære elevar og lærarar!

Det er inga lett oppgåve for meg no ved slutten av skoleåret å uttrykke kjensler og tankar på vegner av heile elevflokkene. Til det er vi altfor ulike, gudskjelov. Vi kan vel kanskje seie det slik at dei fleste av oss har greidd å halde på noen av våre serdrag trass i 9 års skulegang, enda om vi nok er ein meir homogen flokk i dag enn da skuleportane opna seg for oss for 9 år sidan. Personleg ser er i denne seigliva motstanden mot einsretting eit så pass positivt trekk ved oss at eg trass alt torer å sjå framtidia lyst i møte.

Framtida ja, den høyrer oss unge særleg til. Og det er difor meir naturleg for meg som talerørjr for elevane å sjå framover enn å sjå tilbake.

Det står sjølv sagt ikkje til å nekta at

mykje av vår framtid likevel avheng av det grunnlag vi har fått gjennom desse skuleåra som no ligg bak oss. Ikkje alle har vel fått sine ønske tilgodesett i like stor grad. Her finst dei elevar som målbewist har kjempa og stridd for ein god eksamen med tanke på vidare skulegang eller ei stilling i arbeidslivet. Her finst dei av oss som har tatt lekser og skulearbeid noe lettare, og som heller har prøvt å få meg seg så mykje av livet rundt seg som mogeleg. Eg kan ikkje svare på kven av desse som har fått mest og best utbytte av ungdomsåra. Eg kan berre åtvare dei som trur at fagkunnskapar er det einaste saleggerande her i livet. Ja ofte er kunnskapar — slik dei blir gitt oss — direkte til hinder for ei utvikling fram mot det einaste rette målet: det harmoniske og lykkelege mennesket! Vi har så alt for lett for å dyrke og premiere hjernekapsiteten, og så kjem respekten for det allmenn — menneskelege, for menneskeverket, for hjartelag og sosial medkjensle i andre rekke.

Vi unge stiller spørsmål til dei som er vaksne, til lærarar og foreldre, til politikarar og vitskapsmenn: Er de nøgde med den verda de har overlate oss til? Svaret dykker er forresten av lita interesse. Det hjelper lite at dei vaksne er nøgde med verda når det er vi unge som skal leve vidare i ho. Er det så ei slik verdi vi ønskjer å arve? Er det noen som i det heile tatt har funne på å spørje oss?

Vi har nådd eit imponerande naturvidskapleg og teknisk nivå i vår del av verda. Men er vi blitt betre og lykkeligare menneske?

Er vi blitt klokare? Mykje tyder på at vi har mist den vesle forstanden vi ein gong har hatt. Vi er meir brutale og omsynslause enn for tusen år sidan. Vi er i god gang med å kvele oss sjølv i forureinsing på alle kantar og baugar. Men fine skular har vi.

Vi spør: Kvifor har de vaksne gjort dette mot oss? For vi ønskjer å leve vidare, puste i rein luft og leve i fred med folk av andre raser og oppfatningiar. Kvifor har de ikke gjort dette mogeleg for oss? Vi vil ikke slåss, kvifor har de skaffa oss fiendar? Vi vil ikke døy, kvifor kveler de oss?

Vi spør oss sjølv: Ønskjer vi å overleve med vårt menneskeverd og vår personlege integritet i behald? Dei av oss som ønskjer det, må love kvarandre noe i dag: Vi må love å aldri miste våre ungdoms ideal av synie. La difor dette bli dagen da vi gir kvarandre hendene på at vi aldri vil møtast som fiendar i framtida. Kvar vi så måtte enda på samfunnsstigen, så må vi møtast som venner, og i samla flokk som i dag skal vi stri mot urett og løgn og krig. La dette bli dagen da vi også rekjer hendene våre til dei mange som lir urett og vondt i vårt eige samfunn og i verda elles. Greier vi å halde desse lovnadene, så har vi ikke stridd oss fram til denne dagen til fanyttes.

Når eg no skal få takke for samværet, la det få bli med eit ønske for skulen i framtida: Måte siktemålet bli å framelske det gode i menneska. Måte skulen snart oppdage det forkastelege i den tilpassingsprosess som går ut på å forme levande menneskesinn til nyttige og brukande reiskapar for eit effektiv og umenneskeleg samfunn som ingen ungdom eigentleg ønskjer å bli ein del av.

Jens Aldor Inge Wilsgård
form. i elevrådet

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

- 12.6. Hege, foreldre: Arthur Sverre Engen-Bretsen og Åsta Karen f. Kalvik.
19.6. Anne Gro, for.: Svein Arne Listøl og Aud Lovise f. Veum.

- 19.6. Jannicke, for.: Jan Helge Vågnes og Lillian f. Hindenes.
19.6. Janne Merethe, for.: Rolf Nygård og Bjørg f. Nyland.
20.6. Gunnar, for.: Jan Gunnar Stammeshagen og Rigmor Sigfrid f. Løseth.
26.6. Alv Jarle Kvant for.: Kåre Fyllingen og Inger Sofie Kvant.
22.7. Reidar Enok, for.: Reidar Dingsør og Wenche f. Søvik.
27.6. Mette, for.: Willy Kleiveland og Kirsten f. Veseth.
27.6. Beate, for.: Gunnar Fred Olsen og Borgny f. Rolland.
3.7. Janniche, for.: Willy Frank Gustavsen og Britt Borghild Toska f. Sæbø.
3.7. Christer for.: Torleiv Aastvedt og Haldis f. Hammerstad.
3.7. Frode, for.: Bjørn Rasmus Knudsen og Berit Ovidia f. Andersen.
4.7. Knut-Erik, for.: Kåre Martin Midttun og Sigrunn f. Halland.
4.7. Ernst Robert, for.: Sigmund Heimvik og Solbjørg Agnes f. Larsen.
4.7. Svein Arne, for.: Finn Roar Rosendahl og Astrid f. Magnussen.
4.7. Johnny, for.: Jan Erik Foldenes og Solfrid Karin f. Kallestad.
4.7. Wenche, for.: Johnny Myking og Siren f. Nielsen. (I Landås kyrkja).
10.7. Jane, for.: Audvard Birkeland og Laila Johanne f. Haukås.
10.7. Monika, for.: Kåre Pareli Karlsen og Berit f. Oppedal.
10.7. Jørn, for.: Jan Erik Strømsnes og Gunhild f. Flytiae.
11.7. Frode, for.: Bjørn Utkilen og Liv f. Gaupholm.
11.7. Trond, for.: Kåre Anton Herfindal og Marit f. Solheim.
11.7. Marit Irene, for.: Kåre Bjarne Hope og Ingrid f. Hole.
18.7. Britt for.: Jacob Knut Lie og Magnhild f. Langeland.

- 20.6. Øyvind, for.: Leif Grøteide og Kirsten Asbjørg f. Dalen.
25.7. Bjarte, for.: Bård Oldervoll og Sidsel f. Rødland.
25.7. Mette, for.: Terje Thunes og Marian f. Vik.

VIGDE:

- 19.6. Einar Birkeland og Torild Vassdal.
19.6. Geir Rune Larsen — Astrid Isdal.
19.6. Steinar Olsen og Anne Rivenes.
3.7. Nils Jon Skulstad og Vigdis Trenge-reid.
3.7. Finn Mjelde og Grete Elin Myhre.
10.7. Helge Asbjørn Johannessen og Lilian Andahl.
10.7. Gunnar Rolland og Gunn Mathilde Helland.
10.7. Sverre Norvald Elvheim og Kari Johanne Dolve (i Voss).
24.7. Rune Arnesen og Wenche Unneland.
24.7. Odd Tømmerstrand og Marit Helen Sæløen. (I Kolvereid).
17.7. Tor Sæther og Brita Mjelde. (Hjå sorenskskrivaren i Nordhordland).
17.7. Erling Marøy og Marit Marie Rolland. (Hjå byfuten i Bergen).

AVLIDNE:

- 19.6. Fabrikkeigar, enkjem. Anton Stephansen f. 1875.
12.7. gift stasjonsmeistar Erling Eriksen f. 1919.
11.7. gbr.kona Nikoline Hauge f. 1889.

YTRE ARNE SOKN:

DØYPTE:

- 13.6. Mona Helen, for.: Egil Rysjedal og Mildrid f. Larsen.
12.6. Monica, for.: Egil Vatle og Beate f. Korshaugen.
27.6. Stig Ove, for.: Per Randolph Johansen og Solveig f. Eikeseth.

VIGDE:

- 5.6. maskinist Arvid Johan Kalvik og fabr.arb. Eva Ottermo.
12.6. elev Stein Liland og hmv. Solveig Veseth.
26.6. Kjell Johan Morken og butikkjenta Unn Mæhle.
3.7. tekn. Geir Inge Brudvik og kontorist Borgny Maria Træen.

AVLIDNE:

- 3.6. husmor Harda Eugenie Valestrand f. 1901.
6.6. enkja Berta Bergitte Strømme f. 1881.
9.6. husmor Ingeborg Vatle f. 1934.
13.6. tekstilarb. Sigurd Hydle f. 1903.
8.7. tidl. skomakar Ingvald Indreærne f. 1890.

Mannfolki våre

Kor er dei og kvar vert det av deim? Ikkje soleis for auga nett, at dei skulle vera vande å sjå. Dei fyller fabrikkar, kontor og byar. Men kor står dei no? Fo tidi har snutt so mangt, flytting, bustad, sørmd og skikk. Mannen er ikkje slik i hæva som fyrr, korkje i arbeidet eller i huslyden eller kyrkjelyden.

So vert det noko skakt og gale. Me lid av mangelsykja i folkelivet vårt. «Arme mann» vert armare etterkvart. Heimane likeins og kyrkjelivet fyl med. Sume vert likesæle og gjev opp — dei ror båten sin utan nygra so båten fyllest. Mannen treng Kristus han. Kyrkjelyden lyt vera sers merksam på det idag, ogso for sin eigen del — for dei treng

Skal det vera

markiser eller persiener, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersiener, stålrojr, skyvestigar og tørkestativ. Eg sel og stålrojrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ fra Ferro Stålindustri

MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

til den stønad berre han kan gjeva. Med nygsla i båten sin flyt båten tygt fram og han kan vera til god hjelp for mange brør. Berre ved å vera med vert han til god stød, og nye vegar kunne han truleg finna.

Sume kyrkjelydar har feista samle mannfolk. Ykesbrør, naboor og stundom heile huslydar til kos og ålvor. Nokre gonger for året. Dei tok ymse emner fram: «Kva gjer me med livet vårt», «Livssyn-politikk», «Mannen som far», «Livsstandard — livestandard», «Normer i arbeidslivet». Det vart til gleda og til kveik for dei sjølive og kyrkjelyden fekk nytta godt av det vesle tiltaket. Eg hev høyrt ei slik gruppe bygde ei hytta til speidarane. Ei liti ungdomsgruppa fekk og ei hjelpende hand i si gjerning. For den som leitar finn enno eitkvart å hjelpa til med. «Noe er det som roper kom» song Bjørnson til den raske guten. Og no les eg at rådet for slike grupper kallar saman til det 23. landsmøtet sitt på Røros 24.—26. september.

Me veit kva kvinnelagi har gjort i landet vårt til oppbyggjing og innsats. Mennene treng om samla seg og finna den form som høver best for deim. Venta ikkje at det skal koma nokon å setja i gong. De er gode nok alle.

Sundagsskulens 75-års høgtid på Unneland

Idag skal me minnast dei sytti fem og minnene mange kjem småt om senn. Klærast for auga stend vår eigi tid då me prøvde vår sådnads id.

Sundagsskulen sitt merkeår i Unneland si høgtid når. Her fyrist me var i Haus det gamle, framleis borni isaman me samle.

Lat oss minnast mannen frå Mørestrand som sjølv bar namnet Strand. Til krinsen han kom som lærar og pedagog, som Kristus-gripen han var ei glod

Han trottug var i livsens kall skulestova mest vart ein kongehall. Med liv og lyst han elskar fram i barnesjeli ei glede sann.

Den vunnen vart ved Jesus Krist med Andens pant, som gjer den viss. Slik kan det gro i barne-sinn som slepp dei gode minni inn.

Bråt det vart i lærering — Men etter kom dei unge inn, som kallet fekk å nya opp, den gjerning gjev i barneflokk.

Om ukjende er dei arbeider mange. I menneske-auga dei aldri prange. Men lyser gjer dei, i Herrens stråle-glans og Reidug legg rettferdis krans.

«De edles ætt døyr aldri ut». På ny, på ny, i heilag skrud, til dåd og arbeid, i kamp og strid, med Livsens hovding fram de glid.

Slik er det laga for kristne vene — å fremja Guds sak, millom alle lemer. Minne om Jesus den barneven, som sjølv seg gav, i kjærleik henn.

Livet han vann for store og små, som vegen vill fylgja, med Kvite Krist gå. Då truskap i kallet du vissa vil få. I einskap og kjærleik me målet vil nå.

No framåt det glid stødig og godt signing og fred frå Herren de har fått. Gåvor han gjev forutan tall til jordhytta fell i siste fall.

So ynskjer me framleis signing rik, over sundagsskule i Unneland's krins til gagn og glede for store og små. De neste sytti fem me trottig vil gå.

O. U.

Trur du på under?

Eit dumt spørsmål, seier du. Visst trur eg på under. Men trur du at Jesus kan gjera under i ditt liv? Her synes det som om mange står på uthyg og vaklande grunn. Mitt vitnemål er at Jesus kan gripa inn og gjera under i dag også i ditt liv, dersom du i tru vil ta imot hans fullkomne forsoning.

Eg var i fleir eår plaga av allergi. Det var spesielle matsortar som eg reagerte allergisk på, tildels med svære utbrot og store plager. Fleire gonger søkte eg medisinsk hjelp, men det var berre mellombels lindring, ingen lækjemod. Eg bad at Gud måtte ta det bort, eg visste at han var mektig, men likevel var det ein spire av tvil som kompliserte det heile: eg trudde Gud var allmektig, men at han ville gripa inn i mitt liv, nei det var for mykje å vona. Tida

gjekk, og eg heldt det heile « i sjakk» med medikamenter, eg var på ein måte tilfreds i denne stoda.

Så kom vendepunktet. Den Heilage Ande fekk kasta ljós over ordet i Es. 53,5 «— og ved hans sår har me fått lækjemod», eg fekk i tru ta imot ordet og takk for det. Mine allergiske plager er fullstendig borte, eg toler alle slags mat og gir all æra til Jesus som har lækt meg.

Du som er nedbøygd og sjuk, du som lengtar etter frigjering og glede, i ditt krisstenliv, ver stille og sjå ei stund på det som Jesus gjorde for deg på Golgata. I Jesu blod har du forlating for alle dine synder, i Jesu sår har du lækjemod for alle dine sjukdommar. Du må be om å få sjå bæ desse sider ved Jesu forsoning. Dersom du har teke mot Jesus som din Frelsar, treng du ikke lenger gå og vera plaga av synd og sjukdom, Jesus har bore det opp på korset ein gong, og du skal sleppa å bera det sjølv.

Må desse fattige orda få verta til signing for deg. Jesus tilbyr deg eit fullkomne forsoningsverk, og når du tek imot det i tru, får du sjå at det held!

Sigmund.

**Vår mann i Arna
Kåre Fyllingen**



har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

Storebrand og Idun

Adresse: Stølv. 100 B
5260 INDRE ARNA

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER
*Espeland Gartneri***

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

I min forretning
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40496

**SPAREBANKEN —
Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkommen i banken**

HAUS SPAREBANK

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalta kvar månad La pengane gå direkte inn på konto i ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken kva kontotype som passar best. Pengane står alltid til disposisjon. Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Preikelista

- 15. aug., Trengereid Res. kap. Hope.
- 11. s. e. tr. 22/8. Ytre Arna. Soknepresten.
- 12. s. e. tr. 29/8. Arna. Soknepresten.
- 13. s. e. tr. 5/9. Arna. Soknepresten. Nattverd.
- 14. s. e. tr. 12/9. Ytre Arna: Res. kap. Arna: Ungdomsgudstenesta kl. 19.30
- 15. s. e. tr. 19/9. Sundagskulen sin dag i Arna og Ytre Arna.
- 16. s. e. tr. 26/9. Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —